

Norsk Etnologisk gransking.

Fylke : Sogn og Fjordane

*Andrus H. Berge.*

Herad: Kyrkjebø

Bygdelag: Kyrkjebøstronda og Berge.

Emne nr. 9.

Etter eigi røynsla. Ja

Adr. Nordeide i Sogn.

Lauving .

A. Lauv som rispes av trea.

1. Ja her er endel lauving enndå, men mykje mindre enn før. Lauvet har vore godt for sauene. Serlig er bjørkelauv fram ifrå godt og kraftigt . Elles har her vore brukt lau av alle sorter tre, men no vert arbeidshjelpa ikkje å få og lauvinga må defor slutta.

2. Som regel seiste me ein og 2 dagar førslåtten tok til lauvinga tok til att sossnart vi var ferdige med slåtten. og ein hheldt på i 8-ja opp til 10 dagar. Om vinteren gav me sauene 2 mål på dagen ~~so~~ so dei fekk ein gong høyfor for dagen. Det var brukt både lauving og logging.

3. Her var ikkje brukt anna enn snel. Alle sorter tre vart brukt til lau. Lauvet vart ikkje rispa undtaka griselauv av alm.

4. F det meste vart trea nedgogde og teke nevet av og bork. 4- 5 år gjekk det millom kvar gong at tra vart nava Høgda på trea var ein par meter. Ja stuvtree er som regel kostbare og når trea vert nava må ein vera varsam at ein ikkje gjere skade på dei. Når ein ikkje stuver trea vert trea ikkje rispa av lauvet.

5. griselauvet som vert rispa vert turka på bakken og turka . Alt anna lau vert bunde i kjererver. Lauvet set dei inn inn . Kjerverne set ein opp med toppen opp . Kjerverne set ein saman tett i tett og då turker det godt . av og til heng ein kjerverne opp på heskja eller op i trea.

Når ein får lauvet staur og kjerverne opphengde dér todner det svert fort om verer er godt. Har lauvet todna fort vert det ofte lagdt i lauvstakk. Lauvet vert då lagdt flatt på m arka med toppen inn til stanga i mitten av stakken. Når stakken er ferdig vert det lagdt opp på toppen bølgeblikk for at ikkje vatnet skal koma ned i stakken. Lauvet kan då verte like fint som den dagen det er lauva. Der var 2-300 kjerver i kvæ stakk. Det vart rekna tju i eit ilauhundre. Ja me er kjent med at lauvet vart lagt saman halvturt- slik at det vart surlauv ? Ja det var ofte lagt slik.

6. Alt stakkelaug vert køyrt heim på snøføre. Det andre lauvet vett ført heim såsnart det er turt. Ein reider då lauvet på hesteryggen eller berer då på mann eller kvinneryggen. Ein kan bære 25-30 kjerver. Det har aldrig brukt dugnad på lauv.

7. Arbeidet med Lauving er aldrig dilt millom mann og kvinna.

8. Lauvet vert sett rundt veggerne i løda. Sauerne i ein ~~bing~~ gare får kjerver utdilt atter talet. ein rekner med frå ein 1/4 til ein halv kjerv på stykket.

9. Alt lauv er godt. Bjørkelauv og olderlauv er rekna for å vera best.

10. Ja ,ein har brukt mykje lauv av alm til grisen. Lauvet vert samla i kjipe ,kocht saman med høy og høyfrød .

11. Nei her finnast ikkje felles lauving .Kvar eigar lauver i eigen skog. Det er so strengt med dette at vis ein hogg lauv utanom merkesgrensa vert han dregen til ansvar og kalla for tjuv. Leige av lauvteig er ikkje brukt.

12. Barn var med frå 11- 12 års alderen på vanlig lauving.

13. Med vanlig staving var det ein mann som hogde ned lauv

14. ja ein brukte å stove bjørk og ask.

15. Nei det har aldrig vore brukt.

Lauv som rakast saman på bakken.

1. Namnet er rakelauv. Alt askelauv vert brukt til kyrna
2. Ein raker alt lauv som vert brukt til underbreidslei sauegarane.
3. Lauvet vert raka saman med al. rive, slike som ein bruker til å rake høy med.
4. Lauvet vert køyrt heim i vanlige sekker.
5. Det er vanlig kvinner og born som arbeider med dette.
6. Askelauv vert brukt litt mjøl på og opbevart i binger.
8. Nei vanligt lauv vert ikkje brukt til anna enn underbreidsle under sauene.
9. Nei ,det er aldrig brukt som naudfor. Det var ikkje brukt undeførste eller siste verdenskrig. Med andre ord det har aldrig vore brukti våre grender.

Anders H. Berge.